



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	15.05.2025
Møtetid:	14:00 - -14:50
Møtestad:	Rongevær, Rongevær kysthytte

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Hege Ramsland	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	Hege Ramsland	U	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Asbjørn Nagell Toft	plansjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 44/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 45/2025	Godkjenning av møteprotokollar	
PS 46/2025	Dispensasjonssøknad Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen	
PS 47/2025	Dispensasjonssøknad for terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy	
PS 48/2025	Godkjenning av mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004	
PS 49/2025	Val av selskap til rekruttering av ny kommunedirektør	
OS 4/2025	Etablering av ventekai i Austrheim	

PS 44/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 44/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 44/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 15.05.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 45/2025 Godkjenning av møteprotokollar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen sist møte vert godkjent

Sak 45/2025 Godkjenning av møteprotokollar

Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 45/2025 Godkjenning av møteprotokollar

Formannskapet - 15.05.2025

Møteprotokoll frå dei to siste møta blei godkjent

PS 46/2025 Dispensasjonssøknad Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan (plan-id: 2006005) frå byggegrensa og LNFR- til garasje på Buholmen.

Kommunen godkjenner ikkje trappa til garasje.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

Sak 46/2025 Dispensasjonssøknad Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen

Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Toft viste til at det er ingen vesentlege ulemper for naboane, vurdert etter det som er Høgsterettspraksis.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) ba om at for denne typen saker der det er sikkert at det vert protestar frå ein eller fleire av partane, så må ein ta seg tid til ei synfaring.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det vil komma ein klage uansett, Per Lerøy (Ap) svara at det er vil det nok, men det må likevel vera ei synfaring før første handsaming.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) sa seg samd med Lerøy i at det bør vera synfaring før ein gjer vedtak

Ann-Kristin Leirvåg (Ap) sa at det har vore kjent lenge at det blei bygd på staden utan søknad, og var usikker på presedens om det vert gjeve dispensasjon.

Toft svara at det er kjent at det har vore konfliktfylt lenge, men vert handsama som ei kvar anna sak.

Morten Sognnes (H) sa at han legg opp til å godkjenna denne saka no, og så venta med synfaring til ei klagehandsaming som sikkert kjem.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 46/2025 Dispensasjonssøknad Garasje gbnr. 157/60 - Buholmen
Formannskapet - 15.05.2025

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan (plan-id: 2006005) frå byggegrensa og LNFR- til garasje på Buholmen.

Kommunen godkjenner ikkje trappa til garasje.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering

PS 47/2025 Dispensasjonssøknad for terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (plan-id: 4632_2013001) og pbl. §1-8 til mindre terrenginngrep og båtslipp ved fritidsbustad på gbnr. 158/14.

Vilkåra er:

- 1.At ålmenta skal ha tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.
- 2.At terrenget frå båtslippen og vestover langs sjø- og strandlinja, skal tilbakeførast som søknad viser slik det var før terrenginngrepet.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

Sak 47/2025 Dispensasjonssøknad for terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy
Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Er søkt om dispensasjon etter tiltak som allereie er gjennomført. Dette er andre gongs dispensasjonssøknad, der ein ber om mindre omfattande tiltak enn det som var søkt om i første omgang.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 47/2025 Dispensasjonssøknad for terrenginngrep på gbnr. 158/14 - Lerøy
Formannskapet - 15.05.2025

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (plan-id: 4632_2013001) og pbl. §1-8 til mindre terrenginngrep og båtslipp ved fritidsbustad på gbnr. 158/14.

Vilkåra er:

1. At ålmenta skal ha tilgang til omsøkt område, og at det ikkje vert privatisert på nokon måte.
2. At terrenget frå båtslippen og vestover langs sjø- og strandlinja, skal tilbakeførast som søknad viser slik det var før terrenginngrepet.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8, samt naturmangfaldlova §§ 8-12.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering.

PS 48/2025 Godkjenning av mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004. Nytt plankart, planskildring og føresegn er datert den 03.02.2025. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

Sak 48/2025 Godkjenning av mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004
Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) sa at dette er i tråd med tidlegare vedtak.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 48/2025 Godkjenning av mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004
Formannskapet - 15.05.2025

Formannskapet godkjenner mindre planendring for detaljreguleringsplan Breivik, Åråsvågen og Sætremarka. planid. 1264_2014004. Nytt plankart, planskildring og føresegn er datert den 03.02.2025. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova § 12-14.

PS 49/2025 Val av selskap til rekruttering av ny kommunedirektør

Sak 49/2025 Val av selskap til rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte til skåring av dei tre selskapa som har levert tilbod. Rangeringa er slik:

1. Capus Vest
2. CR Group AS
3. Mercuri Urval

Ann-Kristin Leirvåg (Ap) spurte om annonsekostnader, Morten Sognnes (H) viste til at det vert brukt Finn.no

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Morten Sognnes sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 49/2025 Val av selskap til rekruttering av ny kommunedirektør
Formannskapet - 15.05.2025

Capus Vest vert valt som tilbydar av tenester i samband med rekruttering av ny kommunedirektør.

OS 4/2025 Etablering av ventekai i Austrheim

Sak 4/2025 Etablering av ventekai i Austrheim
Formannskapet - 15.05.2025

Handsaming:

Reidar Ulvøy var invitert til å orientera om tilrettelegging for fartøy som ventar på anløp (ventekai).

- Viste til at det er ein del fartøy som ligg oppankra på Fonnesflaket, om dei hadde fortøydd i staden, ville det gitt eit lågare miljøavtrykk.
- Meiner at det kan gi hamneinntekter til kommunen om ein etablerer ein ventekai, heller enn å la dette gå til Bergen Hamn eller Equinor.
- Ønskjer uansett ein del av desse inntektene, sidan det er Austrheim som har miljøutfordringane med skip som ligg her.
- I tillegg er det mogleg å etablera ventekai. Det er areal i kommunen der det er mogleg å etablera ein ventekai med hjelp av lekter. Der kan ein fortøya skip som ventar, og tilby dei landstraum medan dei ligg der.
- Gjev grunnlag for servicetenester på staden, kan tilby verkstadtenester til skipa som ligg og ventar. Ved å finna rett stad for plassering er det mogleg for skip å driva undervass trykktesting av utstyr utan å måtta gå frå kai for å leita etter djupne.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund støtta ideen og meinte at det må ligg eit stort uforløyst potensiale i det å tilby ulike tenester til skip som ligg til kai.

Per Lerøy (Ap) viste til at det har vore etterlyst servicekai tidlegare. Det har vore spurt om kai der ein kan ligga lengre enn på eksisterande kaiar, som mest er tilgjengeleg for lasting og lossing. Mange skip som ligg i Bergen hamn i dag for å kunna nytta seg av landstraum, men dreg ekstra seglingstid når dei skal til og frå Bergen sentrum mellom kvart oppdrag. Eller kanskje til Hanøytangen mellom oppdrag, om det skal gjerast service på desse skipa. Viste til at det er lagt opp til i kommunale planar for ein kai ved Leirvåg ferjekai. Ei lekterløysing som skissert vil vera mykje raskare å leggja til rette. Spurte om det er mogleg å utfordra Bergen Hamn på dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) viste til at Bergen Hamn eigentleg ikkje vil ha desse skipa i indre hamn, men at dei ligg der på grunn av tilbodet om landstraum.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) oppfordra til å få Bergen Hamn med seg på dette prosjektet. Må vera sikre på at det er noko som vil gå i pluss for kommunen.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at dette er noko som ein må ta opp når Michael Forland i Bergen Hamn kjem til kommunen.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 4/2025 Etablering av ventekai i Austrheim
Formannskapet - 15.05.2025

Formannskapet tok orienteringa til vitande.